

Til rektor ved Stend vidaregåande skule

Frå:

Elevens namn:

Klasse:

Adresse/Postnr./stad:

SØKNAD OM PERMISJON FRÅ SKULEN ELLER STUDIEARBEID (sjå vedlegg punkt 1-3).

Ordensreglementet seier fylgjande:

Ved planlagt fråvær skal det søkjast til rektor. Søknaden skal vere skriftleg og grunngjeven og skal leverast i god tid (forskrift til opplæringslova § 3-47, 4.ledd. Sjå nedanfor for meir informasjon)

Eg søker om permisjon/studietid frå skulen i tidsrommet frå _____ til _____

Grunngjeving:

Vedlagt dokumentasjon:

Underskrift elev.....

Dato:.....

Underskrift føresette (dersom eleven er under 18 år).....

Kontaktlærer (i samråd med faglærer når søknaden gjeld sjølvstendig studiearbeid eller det er fare for manglande vurderingsgrunnlag) skal uttale seg, før søknaden blir levert vidare. Ved permisjon i meir enn to dagar er det avdelingsleiar som avgjer om permisjon vert gitt.

Gjennomføring av fråvær utan avtale/løyve frå skulen, kan få konsekvensar for vurdering med karakter i orden og/eller åtferd. Jf. ordens- og åtfersreglementet § 7.

Skulen har plikt til å handsame søknader om planlagt fråvær som enkeltvedtak etter reglane i Forvaltningslova (FVL §2). Skulen kan berre imøtekomme søknader om fråvær for årsaker som etter opplæringslova kan trekkjast frå fråvær som skal førast på vitnemålet. Klage på vedtaket skal sendast til skulen ved rektor.

Eleven må sjølv framvise dokumentasjon, og søkje om frådrag av fråvær, ved slutten av siste termin.

Dersom eleven legger frem dokumentasjon på årsaken til fravær, kan eleven kreve at årsaken til fraværet blir ført på et vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, jf. § 3-47 tredje ledd.

Søknaden er godkjent/ikkje godkjent

Fråværet skal teljast opp/ikkje teljast opp

Stad, dato: _____

Signatur: _____

Meir om føring av fråvær og søknad om permisjon frå skulen:

Heimel: Forskrift til Opplæringslova § 3-47 med presiseringar:

Forskrift til Opplæringslova § 3-3. *Grunnlaget for vurdering i fag:* «Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal møte fram og delta aktivt i opplæringa slik at læraren og instruktøren får grunnlag til å vurdere eleven, lærlingen og lærekandidaten sin kompetanse i faget.»

Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune § 6:

§ 6 C Fråvær som ikkje skal førast på dokumentasjonen

Ved planlagt fråvær skal det søkjast til rektor. Søknaden skal vere skriftleg og grunngeven og skal leverast i god tid. (f. 3-47, 4.ledd). (Fråvær frå opplæringa vert ikkje tillate dersom det kan føre til manglande vurderingsgrunnlag, eller dersom eit fråvær gjer det vanskeleg å gjennomføre samarbeidsprosjekt.)

1. Permisjon inntil 10 dagar

Rektor kan gje elevar permisjon inntil samanlagt 10 skoledagar i eit opplæringsår utan at desse dagane skal førast som fråvær på dokumentasjonen dersom eleven kan dokumentera at fråværet skyldast:

Helse- og velferdsgrunnar, arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagt oppmøte eller representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå. (f. 3-47, 5. ledd)

Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har innanfor ramma på 10 skoledagar rett til inntil to dagar fri ved religiøse høgtider som ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset. (f. 3-47, 8. ledd)

2. Velferdspermisjon innafor ramma på 10 skoledagar

Dokumentert tid til OT/PPT, bryllup, dåp, gravferd, lovpålagt oppmøte i rettsak og liknande skal ikkje førast som fråvær på dokumentasjon.

3. Sjølvstendig studiearbeid

Eleven kan etter tilråding frå faglærer søkje rektor om å få utføre organisert eller sjølvstendig studiearbeid, for eitt eller fleire avgrensa tidsrom.

Skolen må følgje opp arbeidet til eleven slik at det vert grunnlag for vurdering av det sjølvstendige skolearbeidet, og at det vert grunnlag for karakter i faga.

Tida som vert nytta til sjølvstendig studiearbeid, skal ikkje førast som fråvær. (f. 3-47, 6. ledd).

Presiseringar:

Skuleadministrativt arbeid, som elevrådsarbeid eller allmøte for elevane, vert ikkje rekna som fråvær. Slikt arbeid skal vera godkjent av skulen.

Køyretimar skal førast som fråvær.

Timefravær i forbindelse med behandling hos BUP, lege, tannlege, herunder reguleringstannlege, vert rekna som fravær.

Bortvising frå undervisningen vert rekna som fråvær.

Feriereiser kjem ikkje inn under omgrepet sjølvstendig studiearbeid, og skal reknast som fråvær.

Søknader om feriefraavær skal ikkje imøtekomast. Unntak kan vere om det er dokumentert at reisa/fråværet gjeld helse- og velferdsgrunnar, jf. Opplæringslova § 3-47.